

# BEREKRAFTRAPPORT 2021



# INNHALD

- 1 Vi produserer rein energi
  - 1.1 Innleiing og fokusområde
- 2 Berekraftstrategi
  - 2.1 FN og SKL sine berekraftmål
- 3 Fornybar kraftproduksjon
  - 3.1 Eksisterande kraftverk
  - 3.2 Pågåande prosjekt i 2021
- 4 Omsyn til økosystem og naturmangfald
  - 4.1 Prinsippa våre
  - 4.2 Oppfølging og overvaking
  - 4.3 Gjennomførte miljøtiltak
  - 4.4 Vassplanarbeid
  - 4.5 FoU-aktivitetar
  - 4.6 Uynskte hendingar og forbetringar
- 5 Ansvarleg arbeidsliv
  - 5.1 Forbetring og avviksmeldingar
  - 5.2 Tryggleik for omgjevnadene
- 6 Klimarekneskap
  - 6.1 Tiltak og nokre tal
- 7 Verdiskaping – økonomisk samfunnsbidrag
  - 7.1 Skattar, avgifter og konsesjonskraft til kommunar
  - 7.2 Skattar og avgifter til staten
  - 7.3 Utbyte til eigarar
  - 7.4 Kompensasjon og vederlag til private
  - 7.5 Investeringar



# VI PRODUSERER REIN ENERGI



Rein energi

Berekraftstrategi

Fornybar kraftproduksjon

Økosystem og naturmangfold

Ansvarleg arbeidsliv

Klimarekneskap

Verdiskaping

## INNLEIING OG FOKUSOMRÅDE

SKL er ein reindyrka vasskraftprodusent, som trur på eit heilelektrisk samfunn med minimale utslepp frå fossile brensel. Vårt bidrag til ei berekraftig framtid er todelt, vi skal syta for at anlegga våre vert drifta godt og har høg oppetid. I tillegg skal vi fortsetja å byggja og utvikla meir kraftproduksjon. SKL er stolte av at vi har dobla kraftproduksjonen dei siste 20 åra, og framleis vekst er ein viktig del av vår strategi.

For tida byggjer SKL fem kraftverk. Løkjelsvatn kraftverk er ei investering på i overkant av 600 mill. kr. Det gir oss 20 nye GWh, og ein auka effekt på ca 30 MW. I tillegg er vi i sluttfasen på tre prosjekt; Jarlshaug, Håfoss og Risvollelva. Tilsaman vil dei gje 60 nye GWh. Vi byggjer òg Einungsstølsåna kraftverk. I løpet av 2021 har vi henta fram tidlegare prosjektplanar i Kvinnherad.

Blåfalli Fjellhaugen kraftverk, som vil utnytta eksisterande vatn på ein betre måte, er ei investering som vil gi 70 – 100 nye GWh, og monaleg auka effekt. Dette prosjektet håpar vi å arbeida fram til ei endeleg investeringsavgjerd i løpet av 2022.

Europa og Norge treng meir kraft. SKL har saman med Haugaland Kraft og Knutsen OAS stifta Deep Wind Offshore, som har ambisjonar om å utvikla havvind på Utsira Nord og Sørlege Nordsjø 2.

SKL har døgnbemanna driftssentral som overvakar alle våre anlegg. Vi har i 2021 ikkje hatt vesentlege brot på konsesjonsvilkår. Har vi uynskte hendingar, vert dei analysert og forbetringstiltak sett i verk.

Dei tilsette er SKL sin viktigaste ressurs. Difor er høgste prioritet å gjera det vi kan for å unngåulukker og personskadar. Vi er òg opptatt av å tilretteleggja for at alle tilsette skal utvikla seg, herunder å utvikla den einskilde sin kompetanse. Fokus og meir målretta arbeid med berekraft er tatt godt i mot av dei tilsette.

SKL har i fleire år arbeidd med berekraft. Meir systematisk arbeid med berekraftmål og -rapportering er forankra i styret, og i fjor lagde vi vår første berekrafttrapport.

Vi har også for 2021 laga klimerekneskap kor vi rapporterer eige utslepp. I tillegg har vi etablert mål og tiltak for å redusera CO<sub>2</sub>-utslepp. Dette skal vi gjera betre år for år. Mange har gitt oss gode tilbakemeldingar på førre berekrafttrapport. Me er takksame og vert motivert til å halda fram dette viktige arbeidet. God lesnad.



# BEREKRAFTSTRATEGI

SKL tek større steg mot ei berekraftig framtid.

SKL har utarbeidd berekraftsmål som skal bidra til å kutta eigne klimagassutslepp og utslepp frå prosjekt og tenestereiser. Vidare skal vi leita etter moglegheiter for å auka produksjonen av rein fornybar kraft, både nye anlegg,

og oppgradering og utviding av eigne anlegg. Omsyn til økosystem og naturmangfald er viktig i planlegging, gjennomføring og drift av våre anlegg.

I tillegg til å forbetra selskapet sin påverknad på omgjevnadane, skal berekraftarbeidet vera bra for verdiskapinga. Forbetra omdømme, auka arbeidsgjevarattraktivitet, auka gjennomslagskraft for arbeidet med rammevilkår og betra lånevilkår gjennom grønne obligasjonar, er sentrale målsetjingar.



## FN OG SKL SINE BEREKRAFTMÅL

SKL vil bidra til ei berekraftig verd.

FN sine 17 berekraftsmål, som tredde i kraft i 2016, er verda sin felles strategi for å utrydda fattigdom, kjempa mot ulikskap, stoppa reduksjonen av biologisk mangfald, restaurera påverka natur, og stoppa klimaendringane, innan 2030.

Selskapet sitt hovudbidrag skal knytast opp mot følgjande berekraftsmål:

**Rein energi til alle:**  
Sikra tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkommeleg pris



Vi utviklar og driftar vasskraftverk og produserer miljøvenleg energi utan utslepp

Vi deltek i utvikling og drift av andre fornybare energikjelder og energiberarar

(Mål 9: innovasjon og infrastruktur inngår her)

**Ansvarleg forbruk og produksjon:**  
Sikra berekraftige forbruks- og produksjonsmønster



Vi skal redusera utslepp i all vår aktivitet

Vi set miljøkrav til våre leverandørar

**Stoppa klimaendringane:**  
Handla umiddelbart for å kjempa mot klimaendringane og konsekvensane av dei



Vi arbeider med framtidretta berekraftige energiløysingar

Vi bidrar til å redusera skadeomfang ved flaum

**Liv på land:**  
Beskytta, gjenoppretta og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, kjempa mot ørkenspreiing, stansa og reversera landforringing, og stansa tap av artsmangfald



Vi tek omsyn til økosystem og naturmangfald i planlegging, anleggfase og drifta av anlegga våre

Vi støttar arbeid med vassforvaltingsplanar som balanserer vasskraft og vassmiljø


(Mål 6: reint vatn og gode sanitærforhold inngår her)



# FORNYBAR KRAFTPRODUKSJON

SKL produserer rein, fornybar vasskraft, som er ein del av klimaløysinga. I SKL arbeider vi kontinuerleg med å auka kraftproduksjonen, og dermed med å bidra til å redusera utsleppa av klimagassar i Norge og Nord-Europa på lang

sikt. Vi har fokus både på auka energimengde (GWh) og storleiken på maskinparken (effekt). Dette legg føringar for korleis vi tenkjer kring kraftutbygging og oppgradering av eksisterande anlegg.



Rein energi

Berekraftstrategi

Fornybar kraftproduksjon

Økosystem og naturmangfald

Ansvarleg arbeidsliv

Klimarekneskap

Verdiskaping

## EKSISTERANDE KRAFTVERK

SKL har, ved utgangen av 2021, eigarskap i 35 kraftverk, sjå tabell.

Eit viktig fokus for oss er å halda drift i kraftverka våre. I dei kraftverka vi sjølv har driftsansvar for hadde vi i 2021 høg oppetid. Det vil seia 99,06 % for dei største kraftverka, og 98,45 % for dei mindre kraftverka.

Vassdrag	GWh/år	TWh/år	MW	Antall kraftverk
Blådalsvassdraget	1 538	1,5	371	6
Litledalen	225	0,2	51	3
Øvrig SKL	151	0,15	45	6
<b>Sum «inhouse» i SKL</b>	<b>1 914</b>	<b>1,9</b>	<b>468</b>	<b>15</b>
Småkraft i egne AS	129	0,1	43	20
<b>Sum SKL + småkraft i egne AS</b>	<b>2 043</b>	<b>2,0</b>	<b>511</b>	<b>35</b>
Sima og Ulla-Førre	384	0,4	151	
Saudefaldene	278	0,3	54	
<b>Sum total</b>	<b>2 705</b>	<b>2,7</b>	<b>716</b>	





## PÅGÅANDE PROSJEKT I 2021

### Løkjelsvatn kraftverk i Etne

Anlegga i Etne er gamle, bygd i perioden 1920-1960, ein periode der regulering hadde mindre fokus.

Løkjelsvatnet kan regulerast mykje, men vert lite nytta i dag. SKL oppgraderer og utvidar kraftverket.

Dette vil gi 20 nye GWh og auka effekt frå 32MW til 60 MW. Prosjektet er forventa ferdig i starten av 2023.

### Håfoss kraftverk i Etne

SKL byggjer Håfoss kraftverk i Etne. Kraftverket har ein installert effekt på 9,5 MW, og vil gi ein årleg produksjon



på 32 GWh. Kraftverket er organisert i eige AS, og SKL eig 100 %. Prosjektet er i sluttfasen, og vert ferdigstilt våren 2022.

### Risvollelva kraftverk i Sauda

SKL byggjer, saman med grunneigarar, Risvollelva kraftverk i Sauda. Kraftverket har ein installert effekt på 6,4 MW, og vil gi ein årleg produksjon på 20 GWh. Kraftverket er organisert i eige AS, og SKL eig 65 % av selskapet. Prosjektet er i sluttfasen, og vert ferdigstilt våren 2022.

### Einungsstølsåna kraftverk i Røldal

SKL byggjer Einungsstølsåna kraftverk i Røldal. Kraftverket har ein installert effekt på 2,8 MW, og vil gi ein årleg produksjon på 10 GWh. Kraftverket er organisert i eige AS og SKL eig 100 %. Prosjektet er forventa avslutta hausten 2022.



## PÅGÅANDE PROSJEKT I 2021 (forts.)

### Jarlshaug kraftverk i Samnanger

SKL byggjer, saman med grunneigarar, Jarlshaug kraftverk i Samnanger. Kraftverket har ein installert effekt på 0,99 MW, og vil gi ein årleg produksjon på 7 GWh. Kraftverket er organisert i eige AS og SKL eig 97,8 %. Prosjektet er forventa avslutta våren 2022.

### Andre vasskraftprosjekt med konsesjon og under utvikling

SKL har, saman med Kvinnherad kommune og grunneigarar, konsesjon til å byggja Onarheim kraftverk på Husnes. Vi håpar å starta bygginga av kraftverket i 2022. SKL har òg fått konsesjon til å overføra meir vatn til Blåfalli 3

kraftstasjon (bekkeinntak). Vi er avhengig av at vassvegen vert tømt for å gjennomføra dette. Det vil vi gjera ved første høve.

SKL arbeider kontinuerleg med nye prosjekt. Nærast er Kvanndalselva kraftverk, som det er sendt konsesjonssøknad på. I tillegg jobbar vi med å få investeringsavgjerd for Blåfalli Fjellhaugen kraftverk, som er i Blådalsvassdraget i Kvinnherad. I tillegg til dette vert det arbeidd aktivt med andre prosjekt som er avhengig av endeleg nettløysing før dei kan realiserast. Vi har god tru på at nokre av desse vil verta realiserte.

### Havvind

SKL eig, saman med Haugaland Kraft, Knutsen OAS og gründerar, Deep Wind Offshore. Selskapet arbeider med å realisra havvindprosjekt, nasjonalt og internasjonalt.




# OMSYN TIL ØKOSYSTEM OG NATURMANGFALD

I SKL utviklar og driftar vi vasskraftverk.  
Vi produserer miljøvennleg energi - elektrisk straum.

Drifta av vasskraftverka påfører atmosfæren låge klimaavtrykk, men påverkar økosystemet i vassdraga,

og landskapsbiletet lokalt gjennom fråføring av vatn og regulert vasstand. Størst utslepp av klimagassar er knytt til anleggsarbeid i samband med bygging av kraftverka. Sett i lys av eit livsløpsperspektiv vert samfunnsnytta i form av tilført rein og fornybar energi (kWh) stor, samanlikna

med klimaavtrykket frå ein temporær og kortvarig anleggsfase. Mest synleg er naturinngrepa.



Rein energi

Berekraftstrategi

Fornybar kraftproduksjon

Økosystem og naturmangfald

Ansvarleg arbeidsliv

Klimarekneskap

Verdiskaping

## PRINSIPPA VÅRE

All aktivitet påverkar omgjevnadene og miljøet kring oss – også vasskraftproduksjon. Utbygging av vasskraft medfører inngrep i naturen. Av den grunn har det vore, og vil vera, diskusjonar og meiningar knytt til utbygging.

Vassdragsregulering endrar dei fysiske tilhøva og livsgrunnlaget for fisk og andre vasslevande organismar. Samstundes kan reguleringa i nokre høve skapa miljø som er gunstigare for dyrelivet, ved å dempa dei negative og forsterka dei positive faktorane.

I SKL er vi opptekne av at utbyggingsløysingar og miljøinngrep skal utøvast så skånsamt som råd. Vi har tru på kunnskapsbasert forvaltning, og er opptekne av å etablere avbøtande løysingar.

Vi tek omsyn til  
økosystem og  
naturmangfald i  
planlegging, anleggs-  
og driftsfase

Vi støttar  
arbeid med  
vassforvaltingsplanar  
som balanserer  
vasskraft og  
vassmiljø



## OPPFØLGING OG OVERVAKING

Eit leiande mål for selskapet er at anlegga våre skal driftast utan miljøavvik. Dette vil, mellom anna, seia at vi skal fylgja gjeldande vilkår for minstevassføring og reguleringshøgder.

Kraftverka vert drifta og overvaka frå driftssentralen på Stord. Sentralen er døgnbemanna og syt for at vilkåra i konsesjonane vert følgde. Eventuelle avvik vert rapportert internt for vidare oppfølging.

Selskapet har eige internkontrollsystem for vassdrag (IK-Vassdrag, -sikkerheit, og -miljø og landskap).



## GJENNOMFØRTE MILJØTILTAK

Mykje merksemd vart retta mot større utbyggingsprosjekt i 2021, og naudsynte miljøtiltak er etablert i høve til desse.


### ETNEVASSDRAGET

I 2018 fekk SKL konsesjon for oppgradering og utviding av anlegga, og starta bygginga av Løkjelsvatn kraftverk, som langt på veg er meint å erstatta dei opphavlege anlegga. Etnevasdraget er eit verna vassdrag (1993), og eit nasjonalt laksevasdrag (2003). Her finn ein atlantisk laks, sjøaure, ål og ein liten restpopulasjon av elvemusling. Det kviler eit spesielt ansvar på oss kring utbyggingsprosjekt i denne type vassdrag.

Eit omfattande utgreiingsarbeid (SWECO) støttar opp om tiltaket. Litledalsvatnet og Sørrelva er habitatkartlagt og skildra med omsyn til gyte- og oppvekstområde. Data frå gytefiskteljingar og ungfiskundersøkingar er innhenta og analysert. Mellom anna er forhold knytt til stranding, vandringshinder, groe og byttedyrtettleik kritisk vurdert.

Krav til gjeldande minstevassføring er formalisert og noko skjerpa. Målepunktet er flytta lenger opp i vassdraget. Ny målestasjon er planlagt i Litledalsvatnet og vassføringskurvar er etablert (september 2021, SWECO) for ein tverrprofil like nedstraums utlaupet av vatnet. Sørrelva er såleis eit døme der reguleringa og minstevassføringa sikrar elva kritisk vassføring tilsvarande tre gonger alminneleg lågvassføring, samanlikna med uregulert vassdrag.

Anadrom strekning ligg nedstraums kraftverka og inviterer nok til eit betre miljørspel interessene imellom. Forslag til ny fiskesperre i utlaupstunnelen, er langt på veg utarbeidd. Delar av røyrkata i dagen vert erstatta av vasstunnel i fjell. Arbeidet inneber om lag 6 km med tunneldrift og har vore teknisk krevjande. Gjeldande grenseverdier for pH, olje og suspendert stoff er strenge med omsyn til utslepp.




## ETNEVASSDRAGET (forts.)

Før anleggsarbeidet tok til etablerte SKL 9 individuelle stasjoner for prøvetaking av vasskvalitet.

Slik sikra vi oss eit godt referansmateriale. Eit breitt spekter av parameterar vert analysert; pH, turbiditet, suspendert stoff, leiingsevne, tungmetall, olje og nitrat (Hardanger Miljøsentor AS).

Dette arbeidet er sidan fylgt opp årleg.

Som ei ekstra forsikring vart det etablert ein multisensor (Eureka25), om lag 1,5 km nedstrøms Litledalsvatnet, på anadrom strekning (Cautus Geo AS). Multisensoren loggar temperatur, pH, turbiditet og leiingsevne i sanntid. Det er sett opp ei web-løysing, som er koplta til e-post alarm. Løysinga har vore i permanent drift sidan våren 2019. Tidsseriar med innsamla data av nemnde parameterar har ein augneblinksverdi, men vil også koma framtidig forvaltning av vassdraget til nytte.



Løkjelsvatn kraftverk og tilhøyrande tunnelar er etablert i fjell og er lite synlege. Øvre del av tippet i Litledalen er tilbakeført som landbruksareal for grasproduksjon. Tippet ved Hardeland skal revegeterast naturleg. Reguleringa av Litledalsvassdraget inneheld likevel ei sidegrein «Kritlestrengen», med rørgater i dagen. Val av synlege rørgater er gjort ut frå praktiske og økonomiske omsyn. I eit landskapsperspektiv er det gjerne ikkje ei optimal løysing.



## FJÆRAELVA

Sommaren 2020 starta bygginga av Håfoss kraftverk, i Fjæreelva, i Etne. Kraftverket ligg ved foten av Håfoss. Fjæraelva husar laks og sjøaure. Kraftverket ligg om lag 500 m oppstraums anadrom sone. Vassvegen vart etablert med ein kort tunnel, om lag 340 m.

Tunnelvatnet vart reinsa tilsvarande som omtalt for Løkjelsvatn kraftverk (Slamreising AS). Vassprøvar vart tekne og analysert som referansegrunnlag før tunneldrifta tok til (Hardanger Miljøsententer AS). Vasskvaliteten i lakseførande del av elva vert overvaka ved hjelp av multisensor og logging i sanntid (Cautus Geo AS). I juni 2021 vart multisensoren flytta til Rullestadvatnet for overvaking av vasskvaliteten i samband med etablering av kanal og inntak. Målebøyen vart etablert i nærleiken av djupvassinntaket til Mowi sitt settefiskanlegg, men logga på 9 m djupn. Målebøyen vart nedrigga seint i oktober 2021.



Fjæraelva vart habitatkartlagt i august 2020, frå sjø til Håfoss, særleg med omsyn til gyte- og oppvekstområde (skjul) for fisk (Rådgivende Biologer AS, rapport mottatt juni 2021). Eit av formåla er å undersøkje om eksisterande vandringshinder kan forserast og anadrom strekning utvidast.

Håfoss kraftverk vert sett i drift tidleg 2022. Avbøtande løysing for fossefall (reirkasse i utlaupstunnelen) er vurdert i dialog med Statsforvaltaren i Vestland. Utarbeiding av teknisk løysingsforslag for eventuell oppstraums fiskevandring (laks og sjøaure) gjenstår.





## VASSPLANARBEID

SKL deltek aktivt på møtestader om vassplanarbeid, og bidreg med høyringssvar når dette er relevant. Vi har tru på ei kunnskapsbasert forvaltning som balanserer vasskraft og miljø.

Selskapet set av tid og ressursar til oppfølging av prioriterte vassførekomstar vi forvaltar. Arbeidet er dynamisk og vedvarande. Vi har ein målsetnad om å oppnå god økologisk tilstand og alternativt godt økologisk potensiale i vassførekomstane, avhengig av føresetnader og omfang av eksisterande tekniske inngrep.



## FOU-AKTIVITETAR

SKL er ein relativt liten organisasjon. Likevel deltek vi i ulike FoU-aktivitetar og fagfora med miljørelevans.

Dette er motiverande og naudsynt arbeid, både med omsyn til fagleg kunnskapsbygging, utvikling av fagkompetanse, introduksjon og utvikling tidsrette miljøløysingar.

SKL deltek i fagforum, møter og verkstadar i regi av Energi Norge. Dette er ein sentral arena for kunnskapsutveksling, der tidsaktuelle fagtema vert drøfta. I 2021 var SKL representert i tre av fagutvala i HydroGen. Arbeidspakke 4; Miljødesign, handlar om å utgreia, utvikla og gjennomføra tiltak som betrar dei økologiske tilhøva i regulerte vassdrag, samstundes som ein tek omsyn til kraftproduksjonen.



SKL er invitert, og sit i Fagrådet for Etnevasdraget. Dette er ein fagleg arena for samarbeid og forvaltning av vassdraget. Selskapet er også representert i Rådgjevande utval for Folgefonna nasjonalparkstyre.

SKL er ein støttespelar til Norsk klimastiftelse, og har vore det i fleire år.



## UYNSKTE HENDINGAR OG FORBETRINGAR

SKL har eit stort spenn i tildelingsårstal på konsesjonar. Det medfører naturlegvis at reguleringa av vassdraga er etablert under ulike føresetnader og miljøvilkår.

Tiltak, som etablering av tersklar, tilrettelegging av tippar og eksisterande vassføringar er døme på det. Selskapet vil difor ha fokus på korleis ein kan nytta ny kunnskap og nye metodar til å finna gode løysingar.

### Miljøtilsyn

NVE gjennomførte miljøtilsyn hjå SKL i 2021. Fokuset vart retta på Etnevassdraget og tema Nasjonalt laksevassdrag. Selskapet fekk positiv tilbakemelding med omsyn til forvaltinga av vassdraget. To avvik vart påpeikt:

- «SKL mangler lesbare skilt med opplysningar om manøvreringsreglement og hvordan dette kan kontrolleres.»
- «SKL oppfyller ikke kravet om at alle vannføringsendringer skal skje gjennom myke overganger.»

Avvik 2 er lukka, medan avvik 1 har frist for retting 15. mai 2022, og vert ivaretatt.

### Avvik i prosjekt

Selskapet har opplevd nokre uynskte hendingar i 2021 knytt til anleggsaktivitet ved einskilde kraftverk.

### Løkjelsvatn kraftverk

Det er registrert nokre episodar med utslepp av ureina tunnelvatn frå reinseanlegga (pH og/eller konsentrasjon av suspendert stoff over gjeldande grenseverdi jfr. utsleppsløyvet). Utsleppa har berre vore av lokal karakter.

### Risvollelva kraftverk

Det vart påvist utslepp av finstoff til vassdraget knytt til gjennomføringa av profilboringa. Hendinga vert fylgt opp av NVE og Statsforvaltaren i Rogaland. SKL skal fotodokumentera vassdraget nedstraums avrenningspunktet og gjennomføra el-fiske og

holromsundersøkingar i 2022. Temaet vert gjenstand for vidare oppfølging.

### Håfoss kraftverk

Fjæraelva vart misfarga nokre dagar knytt til utgraving av kanal og etablering av inntak i Rullestadvatnet. Finstoffet har opphav i stadeigne naturlege botnsediment og vert ikkje vurdert spesielt farleg med omsyn til fiskegjeller m.m

I 2021 vart fire hendingar meldt til NVE, hendingane er vurdert til ikkje å gje varige negative miljøeffektar. NVE har ikkje sanksjonert som følgje av desse.

Hendingane var i:

- Eikemooverføringa (2)
- Liarelva kraftverk
- Hopselva kraftverk



# ANSVARLEG ARBEIDSLIV

Ambisjon:  
Gjennom systematisk å vidareutvikla HMS-kultur og -system skal SKL vera ein sikker arbeidsplass både for egne tilsette, innleigd personale og omgjevnadane.

SKL har nullvisjon for skadar, og mål om under 3 prosent sjukefråvære.



Rein energi

Berekraftstrategi

Fornybar kraftproduksjon

Økosystem og naturmangfald

Ansvarleg arbeidsliv

Klimarekneskap

Verdiskaping

## ANSVARLEG ARBEIDSLIV

Det vart registrert 1 fråværs-skade hjå egne tilsette i 2021, mot 3 i 2020 og 0 i 2019. Det tilsvarar ein skadefrekvens på 10,6 fråværs-skadar per million arbeidstimar (H1-verdi) og ein total skadefrekvens (tal på skadar med og utan fråvære per million arbeidstimar H2-verdi) på 10,6.

Det er gjennomført rotårsaksanalyse på hendinga og førebyggjande tiltak er iverksett. SKL er svært opptatt av å læra og overføra erfaringar frå hendingar og ulukker, samt etablere tiltak for å hindra framtidige skadar på egne tilsette og tilsette hjå leverandørar.

Sjuefråværet var 6,2 prosent i 2021, mot 5,3 prosent i 2020 og 2 prosent i 2019. Årsak til auka sjuefråvære er analysert, og ein er kome fram til at det sannsynlegvis ikkje skuldast arbeidsforhold i selskapet.

Selskapet har som mål å vera ein attraktiv arbeidsplass, ha eit arbeidsmiljø basert på lojalitet og tillit, og ein bedriftskultur som tiltrekkjer seg og vidareutviklar

Indikator	Mål	Status	Kommentar
Forhindra skadar og ulukker	0 skader	1 skader	1 skade med sjuefråvære
Redusera sjuefråvære	< 3 %	6,2 %	Vi nådde ikkje målsetnaden, pga høgt langtidssjuefråvære. Korttidsfråværet var 1,5 %

kompetente, tilfredse og motiverte medarbeidarar. For å få innsikt i korleis tilsette oppfattar jobben og kulturen, kartlegg SKL organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø, kvart andre år, siste undersøking var i 2021. Resultata frå undersøkinga var gjennomgåande gode. For område med lågare score vert det utarbeidd avdelingsvise tiltaksplanar.

Selskapet hadde 16 % kvinnelege medarbeidarar i 2021, opp frå 14 % i 2020. Arbeid med å oppnå ein jamnare fordeling av kvinner og menn vil vidareførast gjennom målretta rekruttering.

Selskapet har ikkje deltidstilsette.

Med omsyn til etisk åtferd pålegg SKL sine etiske retningslinjer tilsette og styremedlemmer å unngå situasjonar der det kan oppstå konflikt mellom personlege og/eller økonomiske interesser, og SKL sine interesser. For å leggja til rette for rapportering av bekymringsfulle

hendingar har SKL ein eigen varslingskanal.

Samarbeid mellom leiinga og dei tilsette sine organisasjonar fungerer godt og gjev verdifulle bidrag til å løysa utvikling på ein konstruktiv måte.

Eit ansvarleg arbeidsliv stoppar ikkje med SKL sine egne tilsette. SKL er opptatt av å halda ein høg etisk standard i all forretningsdrift. Ved å visa respekt og ansvar, er målet å kontinuerleg byggja eit godt omdømme, både internt og i samfunnet elles. Eit godt omdømme er avgjerande for å få til godt samarbeid, som i neste omgang bidreg til å skapa auka verdi i lokalsamfunna SKL opererer i.

SKL vil å ta eit større ansvar for miljø- og samfunns påverknaden i verdikjeda som selskapet er ein del av. Difor vidarefører vi innsatsen som vert lagt ned for å påverka leverandørar og partnarar til lågare utslepp, betre miljøhandtering og gode sosiale forhold.



## FORBETRINGS- OG AVVIKSMELDINGAR

SKL har høgt fokus på å melda observasjonar, forbetringar og avvik. Undersøkingar syner at ein ved å fokusera på å melda inn talet på hendingar eller observasjonar, kan auka merksemda på god HMS, dela erfaringar/utvikla kunnskap og redusera skadar og ulukker.

Målet er at alle tilsette skal rapportera 3 meldingar kvar. Målsetnaden vart nådd i 2021.



## TRYGGLEIK FOR OMGJEVNADENE

### Målsetting:

SKL sine aktivitetar skal i så liten grad som mogleg medføra auka risiko for skadar eller uhell for ålmenta.

Gjennom regulering av magasina, skal ein søkja å redusera flaumane i vassdraga.

### Risikoar:

Vassdraga SKL forvaltar vert brukt til friluftsliv, rekreasjon og sportsleg aktivitet, samstundes som dei òg er ein del av produksjonsanlegga våre. Vassdragsanlegg kan skapa farar som er annleis enn dei publikum vanlegvis kjem ut for når dei ferdast i naturen.

### Tiltak:

SKL har stor merksemd på sikringstiltak i og kring vassdragsanlegga. Det vert jamleg gjennomført analysar



av ferdsel og bruksmønster med tanke på tryggleiken for ålmenta. Dei mest vanlege sikringstiltaka er faste gjerde og rekkverk, bommar og lenser samt fare- og informasjonsskilt. I tillegg vert det annonsert i lokalavisene to gonger i året om at isen er utrygg på regulerte vatn. Same informasjon vert òg lagt ut på heimesida til SKL.

SKL eig og driftar mange elektriske anlegg knytt til kraftverka. Også for desse anlegga er merking, inngjerding og andre sikringstiltak for ålmenta viktig.

Aktiv regulering av magasina bidrar til flaumdemping i alle regulerte vassdrag.

### Prosjektgjennomføring:

SKL er byggherre med stor aktivitet innan bygging av nye kraftverk, samt ein del rehabilitering av gamle kraftverk og dammar. I alle prosjekt vert det gjort ein stor innsats for å ivareta ålmenta sin tryggleik gjennom skilting og avsperringar. Ein har i tillegg rutinar som gjer at arbeidet vert halde innanfor godkjent arealbruksplan.

Det vert gjennomført risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) for alle prosjekt, som også inkluderer risikovurdering for omgjevnadene.

### Status:

Det har ikkje vore skadar eller uhell på tredjeperson i 2021. Det har heller ikkje vore store flaumar i vassdraga våre. Arbeidet vert fulgt opp av NVE.



# KLIMAREKNESKAP

Vasskraft er ei fornybar energikjelde som berre i ubetydeleg grad slepp ut klimagassar, etter at eit kraftverk er bygd og sett i drift. Norsk institutt for bærekraftforskning (NORUS),

har gjennom livssyklusanalysar av ei rekkje norske vasskraftverk rekna ut at klimagassutsleppa (GWP-verdien) frå et typisk norsk vasskraftverk

er 3,3 g CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per kWh (Østfoldforskning, Memo AR 01.19).



Rein energi

Berekraftstrategi

Fornybar kraftproduksjon

Økosystem og naturmangfald

Ansvarleg arbeidsliv

Klimarekneskap

Verdiskaping



## KLIMAREKNESKAPEN

Rekneskapen byggjer på den internasjonale standarden for klimagassutslepp, GHG-Protokollen, og er delt inn i tre kategoriar for utslepp:

- Scope 1 er direkte utslepp frå kjelde, drivstoff til bilar og maskinar, som er eigd eller kontrollert av SKL.
- Scope 2 består av indirekte utslepp som følgje av elektrisitetsforbruket vårt.
- Scope 3 består av andre indirekte utslepp som SKL sine aktivitetar bidreg til: kjøp frå underleverandørar, avfall, kjøpte transporttenester, tilsette sine reiser til og frå jobb og forretningsreiser

Klimarekneskap 2021 (2020) *	Tonn CO <sub>2</sub> Ekv.		TWh		Kommentar
	2021	(2020)		(2020)	
Produksjon **			2,66	(2,97)	
<b>Direkte utslepp (Scope 1)</b>					
Bilar og maskinar	178	(164)			
<b>Indirekte utslepp fra elektrisitet (Scope 2)</b>					
Bygg og kraftverk	812	(926)			
<b>Totale utslepp fra Scope 1 og 2</b>	990	(1 090)			
Kjøpte klimakvotar	178	(164)			
Kjøpte opprinnelsesgarantiar	812	(926)			
<b>Totale utslepp Scope 1 og Scope 2 etter kjøpte klimakvotar og opprinnelsesgarantiar</b>	0	(0)			SKL kjøper klimakvotar og opprinnelsesgarantiar tilsvarande ikkje kompensert utslepp for Scope 1 og Scope 2.
<b>Andre indirekte utslepp (Scope 3)</b>	3693	(1987)			Auke skuldast i hovudsak innkjøp av metall i prosjekta.

\* SKL har brukt Klimahub.no til å laga klimaregnskap for 2021

\*\* SKL har produsert 2,66 TWh i 2021, dersom ein samanliknar med produksjon av el. frå gasskraftverk har SKL spart omverda for 1 285 746 tonn CO<sub>2</sub> ekvivalentar.  
([https://www.ipcc.ch/site/assets/uploads/2018/02/ipcc\\_wg3\\_ar5\\_annex-ii.pdf#page=26](https://www.ipcc.ch/site/assets/uploads/2018/02/ipcc_wg3_ar5_annex-ii.pdf#page=26))




## TILTAK OG NOKRE TAL

I 2021 har vi arbeidd mest med å utvikla tiltaksplan for berekraftsmål 12

12

ANSVARLIG FORBRUK OG PRODUKSJON



Ansvarleg forbruk og produksjon:

Sikra berekraftige forbruks- og produksjonsmønster.

Vi skal redusera utslepp i all vår aktivitet.

Vi set miljøkrav til våre leverandørar.

Vi har teke avgjerd om nokre tiltak og iverksett andre. Tiltaka er lista opp i under.

- Auka opplæring og dermed kunnskap og engasjement om berekraft hjå ein del tilsette
- Teke avgjerd om at vi årleg skal kompensera for utslepp knytt til scope 1 og 2
- Berekraft er teke inn i SKL sitt mål og strategidokument

### Redusera direkte utslepp av klimagassar (Scope 1)

- Ingen innkjøp av nye fossildrivne bilar der det finst nullutslepp-alternativ.
- Gjennomført innkjøp av 3 elektriske bilar.
- Planlagt etablering av fullverdig infrastruktur for lading av bilar i Matre, Etne og på Stord.

### Redusera indirekte utslepp av klimagassar knytt til energiforbruk (Scope 2)

- Redusert innetemperatur i bygg når dei ikkje er i bruk, frå 20 til 15 (Kurscenter og Hytter, lager)
- Montera led lys på alle nye lokasjonar.
- Kartlagt faktisk straumforbruk i alle bygg/anlegg.
- SKL er klimanøytral for scope 1 og 2 (kjøp av klimakvotar og opprinnelsesgarantiar).

### Redusera indirekte utslepp av klimagassar (Scope 3)

- Auka fokus og vesentleg forbetra sortering av avfall
- Avvikla bruk av eingongskoppar, -fat og -bestikk
- Redusert bruk og vask av kaffikoppar, kvar tilsett har fått personleg kopp
- Unngå oljeutslepp frå eksisterande anlegg



# TILTAK OG NOKRE TAL

(forts.)

I 2022 vil vi auka takten og styrka arbeida ytterlegare:

- Systematisk auka opplæring og dermed kunnskap og engasjement om berekraft hjå tilsette
  - Føredrag ved Klimastiftinga
  - Berekraft - Nanokurs
  - Kunnskapskonkurranse
  - Konkurransesjone (Reduksjon av straumforbruk i eigen heim)
- Utarbeida kvantitative mål for berekraftmåla samt måleindikatorar og utvikla tiltaksplan for måla
- Kartlegga straumforbruk på adm. bygg Stord og setja i verk tiltak for å redusera dette
- Reparera varmegjenvinningsanlegget/ventilasjon adm.bygg Matre
- Ledelsessystemer for miljø, Sertifisere selskapet etter ISO 14001:2015
- Fastsetja konkrete mål for berekraft ved bygging av småkraftanlegg i Litledalen





## VERDISKAPING – ØKONOMISK SAMFUNNSBIDRAG

SKL skapar verdier i lokalsamfunna vi opererer i. Eigarar mottar utbytte, tilsette mottar løn, og kommunar og styresmakter mottar inntekter, gjennom skattar og avgifter. Vi nyttar lokale tenesteleverandørar der det er praktisk mogleg. Kort veg mellom leverandør og anlegg inneber sparing for miljø og lokal infrastruktur, samstundes som ein tryggjer lokale arbeidsplassar.

SKL bidreg indirekte til lokal verdiskaping i kommunane der krafta vert produsert. Selskapet driftar og opererer, byggjer ut og held ved like eksisterande og nye anlegg. Dette skapar meirverdi gjennom kjøp av varer og tenester frå lokale leverandørar og samarbeidspartnarar.

SKL er ein viktig aktør i dei lokalsamfunna vi opererer i, og SKL vil også i framtida sørga for høg lokal verdiskaping.



Rein energi

Berekraftstrategi

Fornybar kraftproduksjon

Økosystem og naturmangfald

Ansvarleg arbeidsliv

Klimarekneskap


Verdiskaping

## VERDIOVERFØRINGAR

SKATTAR, AVGIFTER OG KONSESJONSKRAFT  
TIL KOMMUNAR

Naturressursskatt, eigedomsskatt, konsesjonsavgift og konsesjonskraft til vertskommunane frå SKL var i 2021 på om lag 183 millionar kroner.

Av dette var:



\* Verdien av konsesjonskraft. Utrekninga er foretatt med spotpris.


Følgjande kommunar tok imot slike skattar/avgifter:

Stord, Kvinnherad, Bjørnefjorden, Etne, Suldal, Ulvik, Eidfjord, Tysvær, Vindafjord, Bykle, Hjelmeland, Suldal, Ullensvang og Sauda.

(Sjå tabell neste side)



# SKATTAR OG AVGIFTER PR. KOMMUNE



7.2

## SKATTAR OG AVGIFTER TIL STATEN

Totalt bidrog SKL med om lag 29,5 millionar kroner i skattar og avgifter til staten i 2021.

Grunnlaget for staten sine inntekter er selskapsskatt, grunnrenteskatt, konsesjonsavgift til stat og arbeidsgivaravgift.

7.3

## UTBYTE TIL EIGARAR


Utbetalt utbytte i 2021 til eigarane var 2 millionar kroner. Eigarar: Haugaland Kraft AS, Eviny og Stord Kommune.

7.4

## KOMPENSASJON OG VEDERLAG TIL PRIVATE


Utbygging av vasskraftverk og reguleringsanlegg utløyser ofte kompensasjon til private, fastsett i skjønn.

For 2021 vart det frå SKL, med dotterselskap, gjeve samla kompensasjon på om lag 1 million kroner.



## VÅRE INVESTERINGAR I KOMMUNAR 2021

Samla investeringar for konsernet SKL var i 2021 på 321,6 mill. kr. Investeringa er fordelt på fleire kommunar - hovudpostane er:





SKL 